



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker

Møtedato: 14.12.2017
Møtetid: kl. 18:30
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Torbjørn Aamli, Per Audun Heskestad, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Brigtt Roar Skeie, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Andreas Westermoen.

Innkalling, saksliste og sist møtebok:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 09.11.17 vart godkjent.

Meldingssaker:

- **Soknepreststillinga.** Torbjørn Aamli har takka ja til stilling som sokneprest i Osterfjorden. Det blir ekstra møte i soknerådet 4.1 kl. 20.00 for å kome med innspel til utlysingstekst.
- **Protestillinga.** Soknerådet si innstilling til ny prost må leverast mellom 12. og 17.1. Soknerådet gir evt naudsynt fullmakt 4.1.
- **Vekenytt.** Går ut som fast utsending frå nyttår.
- **Kontaktredaksjonen.** Maria Sæle og Steinar Dale Wesmann trekker seg frå redaksjonen frå no. Ei oppmoding om å foreslå kandidatar til redaksjonsmedlemmer må formidlast. Stine Karin Sæle tek hovudansvaret for nr 1. 2018.
- **Misjonsprosjektet.** Misjonsutvalet informerer om at noverande misjonsprosjektperiode går ut. Forslaget er at prosjektet vert vidareført i 2 år og deretter vert teke opp til ny vurdering. Saka må kome opp att på neste soknerådsmøtet.

Sak 007/17 Framlegg til offertildeling 2018

Forslag til vedtak:

Framlegg til offertildeling 2018 vert vedteke som ldet ligg føre.

Møtebehandling:

Vedtak:

Framlegg til offertildeling 2018 vart vedteke som det ligg føre, med desse endringane:

To offer til kyrkjelydsarbeidet blir øyremerka kyrkjefondet. Flygelfondet går ut. Offeret til KRIK går til den nasjonale organisasjonen viss den lokale gruppa ikkje har bruk for inntektene.

Samrøysta vedtak.



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjeverje